



## Sogn og Fjordane krins av NBF



# Invitasjon til FM par i klubbane

---

Klubbane vert med dette invitert til å delta i Fylkesmeisterskapen for par. Turneringa vert spela som ei fasit-turnering over 27 spel i veka 28. november til 2 desember. Det er same fasit som vert spela alle dagane, så ein kan ikkje delta fleire plassar.

Ein må ha minst 6 par på spelekvelden for å delta i samandraget, og alle på spelekvelden må delta. Nokre klubbar bør kanskje samordne speling for å få nok deltakarar.

Startkontingenten er kr 100,- pr par. Klubben betalar til krinsen sin konto 3720.14.91143. Merk betalinga med FM par 2011/12.

Det vert premie til dei 10 beste i samandraget, samt til alle puljevinnarane.

Det vert tildelt krinspoeng etter skala E2 i kvar pulje med minst 8 par. I tillegg vert det tildelt krinspoeng etter skala E2 for samanlagtresultat. Klubbane tildeler klubbpoeng som vanleg.

Klubbane mottok fasitslippar som kan nyttas til å legge korta. Det følgjer og med spelfilar for dubleringsmaskin.

Resultatlistar skal sendas til: [torbjorn.pedersen@enivest.net](mailto:torbjorn.pedersen@enivest.net)  
eller pr post til

Torbjørn Pedersen  
Røysavegen 18  
6863 Leikanger

På resultatlista skal ein og angje om paret har hatt oversitt og kor mykje poeng paret har fått på oversitten.